



DEN NORSKE KYRKJA

Raundalen sokneråd

Årsmelding 2024

Soknerådet har hatt 7 soknerådsmøte og årsmøte 21. april 2024.

Nanna Nordahl har vore leiar, Morten Vangen kasserar, Berit Hauge Våle skrivar, Linda Utne Tvinde soknet sin repr. i Fellesrådet.

Varamedlemar er Asbjørn Lemme Richards, Vidar Tokvam, Teodor Reime, Geir Ove Slettemark.

Arnulf Sandvik er geistleg representant i Soknerådet. Revisorar har vore Nils Våle og Knut Skiple. Takk til desse.

Soknerådet sin representant i fellesrådet er Linda Utne Tvinde med Nanna Nordahl som vara. Berit Hauge Våle er med i Diakoniutvalet og Trusutvalet på Voss. Representant til Kyrkjebladet er Knut Skiple.

Marie Risa Kvåle er leiar i styret for Kyrkjestova. Astrid Skiple og Nanna Nordahl er medlemer.

Dugnad:

6. mai var det rydding og raking av kyrkjegarden og rundt kyrkja. Det var 21 personar (inkl. 3 born) som møtte opp på dugnaden og arbeidde i 2 timar. Det vart servert suppe og kaffi med kake

Klokketårnet vart måla 26. juni. Ikke det aller øvste då stigen ikke var lang nok.

25. juli var det dugnad på Mjølfjell kapell. 13 personer deltok. Reingjering inne og rydding ute. Per Vaksdal fortsette ryddinga ute nokre dagar seinare.

Skiple Sogelag har kosta utskifting av råde treverk i taket på klokkehuset på Skiple kyrkjegard. Heile bygget vart beisa 21. juni.

Tilstellingar:

Heilage tre kongars - fest 7. januar. Det var så kaldt i kyrkja (6 grader) at me flytta ned. Gudstjenesta vart halde i vetlesalen og gang rundt juletreet i den store.

Årsmøte vart halde 21. april med vanlege årsmøtesaker. Det var om lag 15 personar på årsmøtet (det var 18 på gudstenesta) og det vart servert kaffi og kaker.

Langfredagsandakten på Brekkestølen 29. mars. John Ove Taule sto for andakten. Etter andakten vart det servert kaffi, kringle og saft. Soknerådet har moteke støtte frå Reimegrend Vel til dette arrangementet og det er me svært takksame for.

11. mai var det konfirmasjonsgudsteneste. Konfirmant var Lukas Bøe Smistad.

17 mai var det gudsteneste i Raundalskyrkja. Jostein Skutlaberg var prest. Jorunn Våle Tonckens la ned krans på krigsminnesmerket.

Skiplestemne på Skiple kyrkjegard, var 23. juni. Arnulf Sandvik heldt andakt. Roald Hjelmeland fortalde om jernbanefolka som er gravlagte her, ved minnestein fra NSB.

3. aug. heldt Berit Opheim og Kari Finne Sognnæs songkurs i Mjølffjell kapell med etterfølgjande konsert. Dei fekk låne kapellet.

8. desember vart det halde adventskonsert i kyrkja. Kari Finne Sognnæs, Heidi Kvelvane, Hans Christian Küspert og Kåre Nytun spelte og song.

Føremiddagstreff i kyrkjestova andre onsdag kvar månad har gått heile året utanom om sommaren. Det har vore bra frammøte.

Anna:

Søndagsskulen har mellombels pause.

Det vart sendt brev til Fellesrådet i september både om festeavgifta for gravstader og vedlikehaldet av kyrkja. 25. oktober vart det sendt brev om festeavgifta med bilete direkte til alle medlemmane i Fellesrådet. Det vart negativt resultat.

Soknerådet hadde rundvask i kyrkja i haust. Dette fekk rådet betalt for.

Det er laga barnekrok bak i kyrkja på høgre side. Der er det matte på golvet, eit lite bord og to stolar, bøker, blad og teiknesaker.

Soknerådet ynskjer å ha klokkarteneste på kvar gudsteneste.

Kyrkjestatistikk:

I Raundalskyrkja var det i 2024 10 gudstjenester med 220 deltakarar. Av desse var det 4 med nattverd med 30 deltakarar. Det var 1 barn som vart døypt . Det var 1 konfirmant. Og det var 1 gravferd.

På Mjølffjell var det 3 gudstjenester: i vinterferien, påskedag og olsok 29.juli. I tillegg var det ei militærgudsteneste. Det var 90 deltakarar. På 3 av gudstenestene var det nattverd med 48 som deltok.

På langfredagsandakten på Brekkestølen var det 66 som deltok.

På Skiplestemne 23. juni var det 30 som deltok.

Soknerådet takkar alle medarbeidarar og kyrkjelyden for godt samarbeid gjennom året. Me ber om Guds signing over bygda og kyrkjelyden her.

Raundalen, januar 2025
Nanna Nordahl
leiar.